

**NYHENDEBREV NR 4/2017, 20. APRIL 2017.**

Høgskulen i Volda: "Kunnskap for framtida".

**Styremøte 27.april**

Høgskulestyret har neste møte torsdag 27.april og sakspapira ligg no ute på nettsidene til Høgskulen i Volda. Her er nokre av sakene på dagsorden:

**Auka honorar for styremedlemmer:** Dei fleste styremedlemmene ved Høgskulen i Volda vil få ein stor auke i styrehonoraret. Dei samla styrekostnadene vil dei komande åra truleg bli på ca 1,4 mill mot ca 0,4 mill i 2016. Det er Kunnskapsdepartementet som har vedatt nye og like honorarsatsar for alle styremedlemmer på alle høgskular og universitet.

**Struktursaka:** Styret har bede direktøren kome med ein plan for vidare arbeid med struktursaka - eventuelt for at Høgskulen i Volda skal halde fram som ein sjølvstendig høgskule. Direktøren har etter å hatt kontakt med Høgskolen i Molde og Universitetet i Bergen konkludert med at pr i dag er det ikkje grunnlag for å arbeide med fusjon inn mot desse to institusjonane.

**Stipendiatstillingar:** Høgskulestyret får på bordet framlegg om å lyse ut 8 stipendiatstillingar i tråd med føringane i strategiplanen. For 2017 blir det foreslått å lyse ut 3 stipendiatstillingar knytt til phd-studiet i helse- og sosialfag, 2 knytt til lærarutdanning og 1 stilling kvar på nynorsk (Norsk ordbok), mediefag og samfunnsplanlegging. Dette er i tråd med innstilling frå Forskingsutvalet.

Her er alle styresakene:

<http://www.hivolda.no/hivolda/om-hogskulen/styre-og-leiing/hogskulestyret/saksdokument>

**Håvard Bjørnerem ny leiar i Studenttinget**

Håvard Bjørnerem har vorte vald til ny leiar i Arbeidsutvalet i Studenttinget (STIV) etter Karoline Strand. Bjørnerem er student på MID (Media, IKT og design). Her er nettsidene til Studenttinget:

<http://www.hivolda.no/for-studentar/studenttinget-i-volda>

**Val av studentrepresentantar til høgskulestyret**

Seks studentar er nominerte som kandidatlar til nye studentrepresentantar til høgskulestyret. Det skal veljast to representantar og to vara. Valperioden er frå 19. april til 3. mai. Kandidatane er: Ole Marius Moe (Barnehagelærerutdanning) Nikolai Hannevik Nordlid (Sosialt arbeid, barnevernspedagog), Karoline Strand (Master i Samfunnsplanlegging og leiing), Kaisa-Laura Voor-Voort (Sosialt arbeid, sosionom), Marie Havnsund (Master i Undervisning og læring), Matias Ferdinand Knoph Hagen (PR, kommunikasjon og media).

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5842&module=news>

**Gode søkjartal til Høgskulen i Volda**

Søkjartala frå Samordna opptak syner ein god auke for Høgskulen i Volda. Samla sett har vi fått ca 100 fleire søkjarar samanlikna med i fjor, og det tilsvarer også ca 10 prosent fleire søkjarar. Vi ligg dermed litt over landsgjennomsnittet.

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5849&module=news>

**Etatstyringsmøte 3.mai**

Høgskulen i Volda skal 3. mai 2017 inn til etatstyringsmøte med Kunnskapsdepartementet. Dette er ein samtale som vert halde annakvart år og kan omfatte alle sider ved verksemda til høgskulen og det er styret som har peika ut representantar til møtet. Deltakarar frå Høgskulen i Volda er rektor Johann Roppen, prorektor Jens Standal Groven, styremedlemmene Terje Heggem, Inger Østensjø, Kjell Einar Dagfinrud, Tor Johan Ekeland, studentrepresentant Tormod Smedsvig og direktør Jacob Kjøde jr.

### **Forskingсуаlet har tildelt Små driftsmidlar**

I førre møte tildelte Forskingсуаlet ved Høgskulen i Volda "Små driftsmidlar" på til saman kr 453.000. Her er oversyn over tildelingskriterier og tildeling av Små driftsmidlar:

<https://www.hivolda.no/innsida/fellesadministrasjonen/forsking-og-utvikling/sma-driftsmidlar>

Det vart også tildelt Sårkornmidlar og oversyn over tildelinga kjem når protokoll frå møtet i Forskingсуаlet er godkjent.

### **Første doktor frå den nye phd-utdanninga**

24. mars disputerte den første doktoren på den nye ph.d-utdanninga i helse og sosialfag. Det var Siv Elin Nord Sæbjørnsen som blei den første doktoren, og disputasen vart halden ved Høgskolen i Molde.

<http://www.hivolda.no/hivolda/forsking-og-utvikling/forskingсуаlet/?&displayitem=5837&module=news>

### **Jostein Fet blir kreert til æresdoktor ved Universitet i Bergen**

Emeritus Jostein Fet vil 5.mai bli kreert til æresdoktor ved Universitet i Bergen. Dagen før kreeringa held Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske emne eit seminar om Fet si forskning. HVO-professorane Geir Hjorthol og Arne Apelseth vil halde kvar sine innlegg på seminaret.

Les meir om seminaret:

<http://www.uib.no/hf/106874/æresdoktor-jostein-fet>

Les meir om Jostein Fet:

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5845&module=news>

### **17.mai-toget i Volda: AHL ordnar med fana**

I år er det Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning som ordnar med fane og fanebering i 17.maitoget i Volda. Alle tilsette og studentar er velkomne til å gå under HVO-fana.

### **Semesteravslutningar i juni - semesterstart i august**

Det blir felles semesteravslutning for alle tilsette og STIV-styret måndag 12.juni kl 13.00-14.30. Semesterstart for hausten blir tysdag 15. august. Planlegginga av opningshøgtida er godt i gang og det blir vurdert å flytte opninga frå baksida av BK/Riste til plassen framfor Henrik Kaarstad-huset.

### **Direktørstillinga er utlyst - søknadsfristen er forlenga til 3. mai**

Stillinga som høgskuledirektør er ledig frå 1. august 2017 og er ei åremålsstilling på 6 år. Søknadsfristen er forlenga til 3. mai 2017. <http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5826&module=news>. Konsulentfirmaet Visindi er leigt inn til å hjelpe høgskulen i rekrutteringsarbeidet. Det blir foreslått overfor styret at direktør Jacob Kjøde jr får eit mindre engasjement også etter 1. august 2017 for å vidareføre arbeidet med campusutvikling.